



Fornøgte gjester frå Hagetunet og Skorpo!

**Kafèvert Jurgita Zemaitiene og dei to kokkane Daiva og Vita fekk det akkurat så travelt som dei ønskte då dei hadde tilbod om middag til halv pris i dag. Frå klokka 12 og fram mot stenetid kl. 22 var det ein jamn straum av gjester. Både vertskapet og gjestene var veldig fornøgte med dagen.**

Då vi var innom like før stenetid kunne endeleg kafèverten sjølv setja seg nedpå for å få seg eit måltid av den gode maten dei serverer. Jurgita kunne fortelja at dei var veldig godt fornøgd.

- Vi har hatt besøk av gjester som har vore her før, og mange som har vore her for første gang. Dei aller fleste har ete middag, men nokre har vore innom og kosa seg med kaffi og kake eller is. Vi har opplevd det vi ønskte: - at mange skulle få smaka på maten vi serverer, fortel kafèverten smilande og ser svært så opplagt ut etter den travle dagen.

Vi registrerte at det var mange gjester over eit stort alderspenn frå Uskedalen. Men det var og ein del frå nabobygdene; i alle fall var det gjester frå heile strekningen frå Utåker til Rosendal. Alle vi snakka med hadde det til felles at dei var fornøgd med både servering, service og stemninga i det intime lokalet.



Jurgita sin sjokoladekaffi er både god og populær!

Jurgita kunne fortelja at sjølv om dei fleste åt middagen i lokalet, var det og mange som bestilte og henta maten med seg heim.(Bestilling kan gjerast på telefon 966 94 804).



Fint pynta bord ventar på gjester som har bestilt.

Kafèen er open alle dagar, og foreløpig er opningstida frå kl.11.00 til 22.00.

Vi nemner og at inntil betalingsterminalen er på plass innan ei veke eller to, bør gjestene ha med seg kontantar.

17.mai vert det på nytt introduksjonstilbod på SAJA. Også då vert det servert middag til halv pris.

Av: Thor Inge Døssland



Ungdommane Hanne Hauge, Jakob Taranger, Merete Myklebust, Anine Enes og Veslemøy Haugland stakk innom og kosa seg med is.